



Nhb Vest AS
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2502 - 17/23206

Saksbehandlar:
Bente Førland
Bente.Forland@lindas.kommune.no

Dato:
22.08.2017

Førehandsuttale vedk. tilknytning til offentlig vatn - Byggefelt Jydalen, Fammestad

Viser til skriv frå byggjesak 17/19711. Teknisk drift kan ikkje sjå noko hinder for at ein kan kopla seg på kommunalt vatn i eksisterande vassleidningskum utifrå dei opplysningane vi har pr. i dag. Det må likevel sendast inn rørleggjarmelding for kvar bustad når ein er klar til å knyta seg på, med ev. erklæringar (rett til å gå over annan manns grunn, felles solidarisk ansvar osv.)

Med helsing

Arne Helgesen
avdelingsleiar

Bente Førland
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås Rør & Sanitær AS

Burkhovdane 1 5914

ISDALSTØ

Mottakarar:

Nhb Vest AS

Hagellia 6 5914

ISDALSTØ





Nhb Vest AS
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1785 - 17/33393

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
24.11.2017

Utsleppsløyve på vilkår for etablering av minirenseanlegg - gbnr 24/4 Fammestad

Administrativt vedtak: **Saknr: 554/17**
Byggestad: Gbnr: 24/4
Tiltakshavar: Anders Myking Fammestad
Ansvarleg søkjar: NHB Vest AS
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 13-3

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for minirenseanlegg på gbnr 24/4. I søknaden er det opplyst at utsleppet frå eigedommen skal reinsast i biologisk/kjemisk minirenseanlegg av typen Klargester før utsleppet vert ført vidare til Tveitavatnet.

Storleiken til utsleppet er opplyst til cirka 50 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 02.08.17 og supplert 28.08.17.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Jydalen er definert som bustad

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2/ § 13-4 nr. 2. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Uttale frå anna styresmakt

Det er henta inn slik uttale frå teknisk drift den 22.08.17:



Viser til skriv frå byggjesak 17/19711. Teknisk drift kan ikkje sjå noko hinder for at ein kan kopla seg på kommunalt vatn i eksisterande vassleidningskum utifrå dei opplysningane vi har pr. i dag. Det må likevel sendast inn rørleggjarmelding for kvar bustad når ein er klar til å knyta seg på, med ev. erklæringer (rett til å gå over annan manns grunn, felles solidarisk ansvar osv.)

Passering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart mottatt 02.08.17.

Reinseløysing

Det er opplyst at utsleppet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Klargester BF1-KL1. Anlegget skal være godkjend etter [NS-EN 12566-3]. Anlegget skal stette reinsekrava for utsleppsstad i følsamt og normalt område med brukarinteresser , jf. forureiningsforskrifta § 12-8/§ 13-8.

Drift og vedlikehald

Det er eit vilkår for utsleppsløvet at anleggseigar inngår serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskriften § 12-13 2.ledd/§ 13-11 3.ledd.

Det er lagt ved utkast til serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget i søknaden. Avtalen er ikkje utfylt eller signert.

Privatrettslege tilhøve

Avløpsanlegget er plassert på gbnr 24/4. Utsleppsleidningen er lagt på gbnr 24/4 fram til Tveitavatnet.

Det ligg føre skriftleg erklæring frå grunneigar datert 01.08.17 på at framtidige tomter innanfor reguleringsplanen har rett til å legge naudsynte leidningar på eigedom 24/4 slik det går fram av kartet.

Avtalar om plassering av anlegg og leidningar på privat eigedom og rett til bruk av privat avlaupsleidning bør tinglysast på eigedomane.

VURDERING

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Søknaden om utsleppsløve kan etter kommunen si vurdering godkjennast når det vert sett krav til reinsing av utsleppet i biologisk/kjemisk reinseanlegg med 90% reinsegrad og utslepp til Tveitavatnet.

Behov for supplerande opplysningar før igangsetting

Mottekne opplysningar ved søknad om utsleppsløve er ikkje fullstendige. Mellom anna kan vi ikkje sjå at det er samsvar mellom type anlegg som er valgt og produktinformasjonen som er sendt inn. Kommunen legg til grunn for vedtaket at anlegg som skal nyttast er godkjent for bruk i den størrelsesorden som anlegget skal dimensjonert for. Det er også berre stipulert tal på pe som anlegget skal dimensjonert for.

Serviceavtale er ikkje fylt ut og signert. Signert avtale må ligge føre før tiltaket kan igangsettast.

Plassering

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med kart mottatt 02.08.17.

Godkjenning etter andre lovverk

Etablering av avlaupsanlegget krev løyve etter plan- og bygningslova kap 20.

Søknad om løyve til etablering av avløpsanlegg etter plan- og bygningslova må sendast inn av eit ansvarleg føretak.

Vedtak:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5/§ 13-5 vert det gjeve utsleppsløyve for minirenseanlegg på gbnr 24/4 på følgjande vilkår:

1. Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i godkjent biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Klargester med etterpolering før utsleppet vert ført til Tveitavatnet.
2. Utsleppet frå eigedomen vert gitt for inntil 7 nye tomter og 2 eksisterande bustader.
3. Det skal liggja føre gyldig serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget til ein kvar tid.
4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensing av forurensing, §§ 12-7 til 12-13/§§ 13-6 til 13-16/ eller Lindås si lokale forskrift frå mindre avløpsanlegg jf. § 12-6
5. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna felleisleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
6. Anlegget kan ikkje etablerast før det ligg føre løyve etter plan- og bygningslova.
7. Før det vert gjeve igangsetting på løyve etter plan- og bygningslova må følgjande dokumentasjon være sendt inn;
 - a. Produktinformasjon for valgt reinseanlegg som samsvarer med type anlegg, reinsekrav og dimensjon som det er søkt om.
 - b. Informasjon om samla tal på pe for utsleppet innanfor begrensinga i pkt. 2 i dette vedtaket.
 - c. Ferdig utfylt og signert serviceavtale.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Enkeltvedtak truffet i medhold av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. [forurensningsloven § 85](#) annet ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak truffet av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak truffet i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.:

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Anders Myking Fammestad

Reikeråsvegen 26 5913

EIKANGERVÅG

Mottakarar:

Nhb Vest AS

Hagellia 6

5914

ISDALSTØ

NHB Vest AS

Hagellia 6

5914

ISDALSTØ